



Kenneth Manger  
Mykingvegen 771 A  
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 21/2733 - 21/45219

Saksbehandlar:  
Astrid Riise  
astrid.riise@alver.kommune.no

Dato:  
24.06.2021

## Varsel om synfaring - gbnr. 446/13, Manger øvre

**Tiltak:** Varsla synfaring  
**Byggjestad:** Gbnr. 446/13 Manger øvre  
**Tiltakshavar:** Kenneth Manger

### Orientering om synfaring på eigedommen onsdag 30.06.2021 kl. 13:00.

Viser til vårt brev av 26.05.2021 der vi opplyser om at kommunen er gjort merksam på fleire ulovlege tilhøve på eigedommen din, med adresse Solendvegen 320, 5936 Manger, gbnr. 446/13. I tillegg er det observert at det ligg ein del avfall der og at det over lengre tid har stått uregistrerte bilar på eigedommen.

Viser og til e-post frå deg datert 26.05.2021 der du ber om eit møte for å orientere om tilhøva på eigedommen.

### Mynde:

Kommunen har, i henhold til forurensningslova § 48, ansvar for å føre tilsyn med handtering av avfall. Kommunen vil difor undersøke om tilhøva er i strid med forurensningslova § 7, eller i strid med forurensningslova § 28.

Vi planlegg å gjennomføre synfaring på eigedommen din **onsdag den 30.06.2021 kl. 13:00**. I følgje forurensningslova § 50, som gjeld rett til granskning, skal kommunen ha uhindra åtgang til eigedomen. Vi ber om at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi kan avklare saka nærare. Viss tidspunktet ikkje passer, ber vi om at du tar kontakt snarast for å avtale eit nytt tidspunkt.

### Kva skjer under ein synfaring?

På synfaringa vil vi stadfeste dei faktiske tilhøva på eigedommen. Vi gjer merksam på at det ikkje vil bli konkludert noko om saka under synfaringa.

### Kva forventar vi av deg før og under synfaringa?

Vi ber om

- at du møter oss og er til stades under synfaringa, slik at vi saman kan avklare saka nærare
- at du ikkje dekkjer til fyllinga/området

- at forsøplinga i dette området blir stansa, og at du som grunneigar medverkar til dette

### **Retten kommunen har til å komme på synfaring**

Kommunen har rett til å komme på synfaring uten å bli hindra, jf. forurensningslova § 50.

### **Har du spørsmål?**

Dersom du har spørsmål til saka, kan du ta kontakt med sakshandsamar på telefon 5637 5000 eller på epost:

- [post@alver.kommune.no](mailto:post@alver.kommune.no)
- Alver kommune, postboks 4, 5906 Frekhaug

### **Aktuelt regelverk:**

- Kommunen har forureiningsmynde etter forurensningslova § 48
- Plikt til å unngå forureining eller ulovleg oppbevaring av avfall følgjer av forurensningslova §§ 7 og 28.
- Rett til gransking følgjer av forurensningslova § 50.
- Rett til innsyn i saka følgjer av forvaltningslova §§ 18 og 19.

Med vennleg helsing  
Alver kommune, Miljø og tilsyn

Eirik Berntsen  
Avdelingsleiar

Astrid Riise  
rådgjevar

*Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

### **Mottakarar:**

Kenneth Manger

Mykingvegen 771 A

5913

EIKANGERVÅG